



TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 15

Telefaks 53 43 70 11

nn

UGGDAL, 19.08.2013

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
12/322-12	6045/13	020	FSK/FEL/ANTE	

MØTEREFERAT 17. JUNI 2013

Det vart halde møte i eldrerådet måndag 17. juni 2013 kl. 13.00 i rådhuset.

Desse møtte:

Freddy Jensen
Helge Hauge
Erna Drange

Anne Lise Holmelid hadde meldt forfall, og Randi Drange møtte som vara.

Reidun Sellevåg møtte ikkje.

Elles møtte rådmann Steinar Dalland, samt Anders Teigen som sekretær.

Sak 5 Retningsliner for eldrerådet sitt arbeid i kommunen

Det vart gjennomgått framlegg til retningsliner frå Statens seniorråd, samt Kvam Herad sine retningsliner.

Eldrerådet fann ikkje å gå inn for formelle retningsliner for eldrerådet i Tysnes, men vil likevel presisera at leiar i rådet bør få ein e-post med informasjon når saksdokument vert lagt ut på nettsida.

Sak 6 Nytt omsorgssenter – forstudie

Rådmannen orienterte om arbeidet så langt.

Eldrerådet gjorde slikt vedtak:

Eldrerådet tek rapport - forstudie - nytt omsorgssenter til vitande.

Rapporten skal leggjast til grunn i vidare arbeid i forprosjektet for nytt omsorgssenter.

Rapporten skal leggjast til grunn som eit strategisk dokument for utvikling av helse, pleie- og omsorgstenester i Tysnes kommune.

Forstudien er eit godt utgangspunkt for vidare planlegging.

Ymse

Kontakten, representert ved Sissel Clausen, møtte og drøfta samarbeid mellom Kontakten og Eldrerådet. Erna Drange og Helge Hauge skal representera Eldrerådet i møte med Kontakten for å få i gang slikt samarbeid. Senioruniversitet vart nemnt som eit område å sjå på.

Møtet slutt kl. 14:25.

Anders Teigen
referent